

## Referat frå telefonstyremøte 20. november 2019, kl. 16.00 – 16.45

**Desse møtte:** Knut Evensen, Ellen M. Syse, Jonny Mathisen, Eirik Kolbjørnshus, Gro Arneng, Ola Hareland og Pål Kjorstad

### Sak 66/2019: Revidering av forvaltningsplan i Oppland - Sonering jerv

Det vert vist til sak 54/2019 på førre styremøtet den 21/10 2019.

Etter møtet siste vart det etter ein prosess att og fram til slutt vedteke i styret at styret i OSG stilte seg bak høringa som OB og OBS hadde vorte einige om, også da det galdt soneringa av jerv. Dette vart därleg motteke i Norddalen og det vart arrangert eit møte med lokallaga i Norddalen på Otta 18/11 2019. Frå styret møtte Knut, Jonny, Ellen og Ola.

På møtet kom det fram at Norddalslaga likte därleg at styret i OSG var einige i at jerveprioritert område på Fron skulle bli beiteprioritert, da dei meinte at dette var i strid med prinsippet om byrdefordeling. I tillegg måtte da Norddalen huse ei jerveyngling meire dersom vi ligg på bestandsmålet av jerv. Dei meinte òg at det frå FM si side var saksbehandlingsfeil, da revideringa i utgangspunktet ikkje skulle omhandla soneringsendringar. I tillegg meinte dei at rovviltutvalget hadde vore for lite involvert i saka og at styret i OSG måtte trekkja uttala si i høyringa. Norddalslaga drog òg fram at det ikkje kom fram at styret i OSG var delt. Styret i OSG syntes at det å trekkja seg frå uttala var svært drastisk og ville svekka samarbeidsklimaet med dei 2 faglaga i Oppland. Styret var einstemmige i alt det andre i høyringa.

#### Vedtak

- OSG vil i forhold til innspelet dei gjorde saman med OB og OBS til revideringa av forvaltningsplanen for rovvilt i Oppland, presisere at punktet som gjaldt soneforvaltning ikkje var einstemmig i styret.

Denne meldinga vart sendt til Rovviltnemnda v/Aud Hove den 21/11 2019:

Styret i Oppland Sau og Geit hadde telefonstyremøte i går 20/11 2019 og vil med dette koma med ei tilføyning og presisering rundt felles høyringssvar, som vart sendt inn av Oppland Bondelag, Oppland Bonde og Småbrukarlag, om revideringa av rovviltforvaltningsplanen for region 3 tidlegare i haust og viser til vedtaket i saka på styremøtet under:

**"OSG vil i forhold til innspelet dei gjorde saman med OB og OBS til revideringa av forvaltningsplanen for rovvilt i Oppland, presisere at punktet som gjaldt soneforvaltning ikkje var einstemmig i styret."**

### Sak 67/2019: Valg i NSG

Knut viste til at OSG har fått frist til 3/12 med å koma med forslag til valg av tillitsvalde i NSG i 2020. Knut orienterte om at Marthe Dypdal ikkje ville ta attval som 1. vara til styret i NSG og orienterte i tillegg om andre kandidatar frå Oppland. Gro stiller som vara i kontrollutvalet, Pål stiller som nestleiar og leiar i Utmarksrådet, Anders Svare vert spurta om han vil halda fram i valkomiteen. Det vart òg nemnt andre namn frå andre fylker, og til slutt oppfordra Knut folk om å koma med kandidatar med det fyrste

Sør-Fron 20. november 2019

Pål Kjorstad, sekretær